



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Ragnhild Røsseland / 55516875

Vår referanse:
18/218429-1

Dykkar referanse:

Vår dato:
09.10.2018

Kvalitetssikring av viltfareskilt på riks- og fylkesvegar i Hordaland

Kvart år vert fleire hundre dyr påkøyrd av motoriserte køyretøy på norske vegar. Det er mange stader sett opp skilt for å gjere trafikantar merksame på viltfare, også stader der det sjeldan er sjanse for å møte på vilt. For å oppretthalde respekten for viltfareskilt og betre trafikktryggleiken, er det viktig at skilta markerer strekningar med reell viltfare. Statens vegvesen har difor sett i gong ein prosess med å kvalitetssikre viltfareskilt på riks- og fylkesvegar i Region vest. I følgje Statens vegvesen si *Handbok N300 Trafikkskilt*, er det viktig med ein regelmessig gjennomgang av viltskilting, då vilttrekk/vandringsmønster gjerne endrar seg over tid. Skilt som står ute heile året og har få påkøyrslar er rekna for å vere lite høvelege.

Statens vegvesen Region vest har gått gjennom viltpåkøyrslar som er registrert i Hjorteviltregisteret (HVR) dei siste fem åra, og samanlikna dei med vegstrekningar med fareskilta *146.3 – Hjort* (gjeld både hjort og rådyr) og *146.1 - Elg* på <https://www.vegvesen.no/vegkart/>. Det er ikkje sett opp fareskilt *146.2 – Rein* i vår region, og her er heller ikkje registrert påkøyrslar av denne arten. Det er ikkje fastsett standardar på kva som er stor viltfare. For å ha noko konkret å ta utgangspunkt i, legg vi til grunn at strekningar med over 2 påkøyrslar i året er strekningar med stor viltfare. Dette talet bør likevel justerast i

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

høve til trafikkmengde og lengde på viltfarestrekning. Gjennomgangen avdekkar eit behov for opprydding i bruken av viltfareskilt i regionen.

Resultatet for dykkar kommune kan studerast på følgjande [kart](#).

(<http://vegvesen.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=0a5abea1e89440ac96f13d98a6beac33>).

Korrekte data i HVR er nødvendig for at skilting og eventuelt andre tiltak mot viltpåkjørslar skal skapa best mogleg trafiktryggleik for trafikantane og for viltet. Det er kommunane som er ansvarlege for rapportering av påkøyrslar til HVR. Vi ber om dykkar vurdering av kor vidt registreringane i HVR har nøyaktige posisjonsangjevingar og er komplette for dykkar kommune, innan 30. november.

Dersom de ynskjer å få tilsendt tabell med datagrunnlag for ovannevnte kart, eller har spørsmål til arbeidet, ta kontakt med Staten vegvesen, seksjon for Plan og forvaltning ved Ragnhild Røsseland, epost: ragnhild.rosseland@vegvesen.no.

Plan og forvaltningsseksjonen, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Seksjonssjef

Røsseland Ragnhild

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Likelydande brev sendt til
Askøy kommune, Postboks 323, 5323 KLEPPESTØ
Austevoll kommune, Kommunehuset, 5392 STOREBØ
Austrheim kommune, Sætremarka 2, 5943 AUSTRHEIM
Bergen kommune, Postboks 7700, 5020 BERGEN
Bømlo kommune, Kommunehuset, 5430 BREMNES
Eidfjord kommune, Simadalsveien 1, 5783 EIDFJORD
Etne kommune, Sjoarvegen 2, 5590 ETNE
Fedje kommune, Kommunehuset, 5947 FEDJE

Fitjar kommune, Postboks 83, 5418 FITJAR
Fjell kommune, Postboks 184, 5342 STRAUME
Fusa kommune, Postboks 24, 5649 EIKELANDSOSEN
Granvin herad, Postboks 13, 5733 GRANVIN
Jondal kommune, 5627 JONDAL
Kvam herad, Grovagjelet 16, 5600 NORHEIMSUND
Kvinnherad kommune, 5470 ROSENDAL
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ
Masfjorden kommune, Postboks 23, 5981 MASFJORDNES
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG
Modalen kommune, Postboks 44, 5729 MODALEN
Odda kommune, Opheimsgata 31, 5750 ODDA
Os kommune i Hordaland, Pb. 84, 5202 OS
Osterøy kommune, 5282 LONEVÅG
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER
Samnanger kommune, Tyssevegen 217, 5650 TYSSE
Stord kommune, Postboks 304, 5402 STORD
Sund kommune, Postboks 23, 5371 SKOGSVÅG
Sveio kommune, Postboks 40, 5559 SVEIO
Tysnes kommune, Rådhuset, 5685 UGGDAL
Ullensvang herad, Sandvikevegen 11, 5780 KINSARVIK
Ulvik herad, Skeiesvegen 5, 5730 ULVIK
Vaksdal kommune, Konsul Jepsensgate 16 , 5722 DALEKVAM
Voss kommune, Postboks 145, 5701 VOSS
Øygarden kommune, Ternholmvegen 2, 5337 RONG